

Lothepus sjarmerte i Bermudateltet

Leif Einar «Lothepus» Lothe, frå fjernsynssensasjonen «Fjorden Cowboys», opptredde i Bermudateltet laurdag ettermiddag. Han fekk ein varm velkomst på Tysnes. Folk stod i kø i fleire timar i solsteiken

utanfor teltet for å sikra seg ein billett. Med seg hadde han heile Fjorden Cowboys-teamet og kameracrew, som held på med filming til sesong to av serien. Med erfarne musikarar bak seg vart konserten

ein suksess for Lothepus, og med tid og erfaring vil han truleg berre verta betre. Men stemninga var det ingenting å utsetja på, og Lothepus sjølv sjarmerte nok mange med sin særeigne veremåte.



Cirkus Laboratory attende med nye sirkuskunstar

Nok ein gong imponerte Cirkus Laboratory då dei under marknadsdagen hadde sirkusframsyning på kaien i Våge.

Også i fjor var sirkusunderhaldarane på Tysnesfest. Der framførte dei eit av showa sine, «I-Boks», som vart godt teken imot av dei små. I år var Alex Immler og Helene Dahl attende for å underhalda festivalfolket på ny. Denne gongen med framsyninga «Med hodet fullt av farger».

Vart sirkussassistent

Mange hadde funne vegen til den vesle scenen dei hadde laga i stand nede på kaien i Våge.

Showet var sett opp av ulike nummer, ei blanding av triks dei synte i fjor, og nye triks. Helene imponerte mellom anna med rokkering-kunstane hennar, og Alex med å sjonglera heile fem hattar samstundes. I det eine nummeret fekk ein heldig utvald lov å hjelpa til med sirkusnummeret.

– Eg treng ein friviljug, er det nokon som kan hjelpa meg litt, prøver han.

Mange små hender skyt i været. Ingeborg Litland trekker det lengste strået, og får tre inn på scenen. Det syntest ho var stas.

Moro på sirkusskule

– Det var kjekt å hjelpa mannen å sjonglera, smiler ho nøgd

etter framsyninga.

Ho var mellom dei mange som lot seg underhalda av sirkusduoen.

– Det var eit kjekt show. Dei var svært morsame, seier ho.

Ingeborg fortel at ho også deltok på sirkusskolen som Cirkus Laboratory arrangerer fredag. Etter showet skulle ho attende for å læra fleire kunstar.

– Eg har mellom anna lærd å handtera ein diabol, det var nok det kjekkaste, fortel ho før ho forsvinn i folkemengda på veg til sirkusskolen.

LENA HELVIK
redaksjonen@tysnesbladet.no



IMPONERTE: Cirkus Laboratory imponerte nok ein gong festivalfolket under Tysnesfest.

Jamnt mellom deltakarane i rotevlinga

Det vart spanande for deltakarar og publikum då det skulle kårast ein vinnar i rotevlinga under Tysnesfest.

I år vart det for fyrste gong i Tysnesfest si historie arrangert kapproing med færing, Norge sin eigen nasjonalbåt. Det var i alt 12 båtar som skulle kjempa om den gjeve tittelen om å verta dei aller fyrste vinnarane i ei slik tevling.

Båtane var fordelt på fire «heat», der vinnaren frå kvart heat gjekk vidare til finalen. Kvart av heata representerte eit tema. Det eine representerte festivalane i nærområdet, Tysnesfest, Osfest og Stordfest. Det var og i dette heatet vinnarane av heile kapp-roinga skulle syna seg å vera.

Livesending på storskjerm

Tevlinga gjekk føre seg rett utfor ferjekaien i Våge. Roarane skulle ta seg fram omlag 700 meter, frå «Olaholmen» ved Gjerstad, til mållina, som var nesten frammed ved ferjekaien.

tevlinga vart dekkja på best mogeleg måte. Mange valde å vera med M/S Stord 1, som gjekk ut og følgde roarane frå sjøen. Det same valde og mange privatbåtar. På land og til sjøs var det kamera som fanga opp heile seansen. Dette vart synt live på storskjerm på kaien. Anders Dalland og Kåre Martin Kleppe var på plass som kommentatorar. Mellom roinnsлага underheldt dei med historier og fakta (meir og mindre seriøst sådan), og det vart synt videoar på storskjermen.

Nytta «augneblink-finish»

I finalen møtte fire båtar til start. Finalistane var Amund Bjørnevik og Erling Øyasæter, Alf Helge Møgster og Helge Skartveit, Arvid Gaugstad og Helge Hauge, og dei einaste jentene i finalen, Juniane og Celine Vevatne Lunde. Det skulle syna seg og verta svært jamt blant finalistane. Det heile vart avgjort med det kommentatorane kalla «augneblink-finish».

– Det er banebrytande teknologi, der ein rett og slett bruker augo til å sjå kven som vinn, forklarte dei på humoristisk vis.

Og etter augneblink-finishen var analysert, vart det stadfesta at vinnarane vart Amund og Erling. Rett i helene hadde dei Alf Helge og Helge.

– Det var kjekt. Me rodde i dag frå Os og over til Tysnes, eigentleg berre for turen sin del, smiler Amund etter premieutdelinga.

Begge gutane er aktive roarar, og har tidlegare vunne NM i roing for Os Roklubb. Laurdag rodde dei for Osfest i «festival-heatet».

• Fleire bilete frå tevlinga ser du på www.tysnesbladet.no

LENA HELVIK
redaksjonen@tysnesbladet.no



ROARAR FRÅ OS SIGRA: Amund Bjørnevik og Erling Øyasæter kom sigrande ut av tevlinga. Dei rodde for Osfest.

Fekk 25000 kroner i stipend av banken

– Veldig kjekt, sa Anna Dorthæa Espvik, som har uoffisiell europrekord i benkpress, då ho mottok stipendet.

– Anna Dorthæa Espvik er ein soleklar vinnar av stipendet, sa Dag Sandstå, banksjef i Tysnes Sparebank, medan han delte ut eit stipend på 25.000 kroner til 16. åringen, laurdag føremiddag.

Europameister

Tildelinga gjekk føre seg i Bermudateltet på Tysnesfest, og Espvik fekk stor applaus frå dei som hadde møtt fram.

Espevik driv med handball og styrkeløft, og i mars vart ho europameister i benkpress for ungdommar mellom 15 og 18 år. Rekorden blei diverre ikkje ståande som ein offisiell europarekord, sidan den ikkje vart sett i eit internasjonalt stemne.

– Det er veldig kjekt, sa Espvik til «Tysnes» etter at ho hadde mottoke stipendet.

– Kva skal du bruka pengane til?

– Det må vera å satsa vidare.

Fleire stipend

Utanom Espvik fekk Sofie Dalland (15), Camilla Korsnes (22) og Elias Storetvedt Jordal

(13) 2000 kroner kvar i stipend. Dalland driv med musikk og handball, men favoritt hobbyen er teikning. Korsnes driv med foto, og ynskjer å oppretta fotostudio på Tysnes. Ho er og booka som bryllupsfotograf i år. Elias er eit fantastisk talent innan treskjering.

Sandstå forklarar at banken gjev ut stipend til unge talent for å stimulera til utvikling.

– Eigentleg skulle me berre gje ut eit stipend, men det er så mange talent på Tysnes, seier han.

KRISTINE NÆSS THORSEN
kristine@tysnesbladet.no

